

Lagar mat til 60 frivillige.

03.08.2016



Anine, Solveig og Veslemøy handlar inn til morgondagens matlaging

Festidalen satsar på kvalitet. Derfor vert det også stelt godt med dei frivillige. Oppå jordet på Dønhaug er 60 frivillige i arbeid med rigging, pynting og anna klargjeringsarbeid. Dei tre unge jentene Anine Enes, Veslemøy og Solveig Haugland syt for at arbeidsgjengen får servert god mat.

Kvar dag er det lunsj kl.12 og middag kl.17, og innimellom får arbeidsfolket servert kaffi og kaker. Dette skal dei gjera kvar dag frå tirsdag til fredag, og kanskje søndag. Og det er skikkeleg god heimelaga mat dei tre serverer! Til middag hadde dei tirsdag ei gryte, Chili con carne, i dag var det lapskaus og i morgen torsdag har dei planlagt grilling. Dei fortel at dei lagar maten heime og transporterer den i store panner til Dønhaug.

Kaffimaten er også heimebaka. I dag, onsdag, hadde dei hatt sjokoladekake og bollar. Då eg trefte dei var dei i full gang å handla inn ingrediensar til gulrotkake som arbeidsfolket skal kosa seg med torsdag.

Måltida har dei samla i frivilligteltet, og dei tre fortel at det er veldig kjekt når heile gjengen er samla rundt bordet. Dei får masse gode tilbakemeldingarar, og dei syns det er veldig kjekt at folka er så fornøgd med maten dei lagar.

- Det er veldig kjekt å gjera dette, er dei tre einige om.

Eg syns dei tre 15-16 åringane fortener ein stor applaus! Det dei gjer er verkeleg imponerande!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.